



**Egede**  
Instituttet

Institutt for  
misjonsvitenskap

# Norsk Tidsskrift For Misjonsvitenskap

#3-4/2019 | Årgang: 73

- 01 Reidar Hvalvik:  
Leder
- 05 Knut Alfsvåg:  
«For jøde først»:  
Om kristen misjon til jøder og hedninger
- 16 Rolf Kjøde:  
«... at dei må bli frelste», eller treng dei det?  
Norsk teologi om jødemisjon i global kontekst
- 31 Rolf Gunnar Heitmann:  
Er det legitimt å drive misjon blant jøder?  
Om endringene i de tyske protestantiske  
kirkene etter 2. verdenskrig
- 40 Hilde Brekke Møller:  
Den jødiske Jesus og spørsmålet om  
antisemittisme i tysk jødemisjon
- 50 Raymond Lillevik:  
Jødekristen identitet som ambivalens i  
israelsmisjonene i Norge, Sverige og  
Danmark 1890–1914
- 62 David Serner:  
Den messianske bevegelse i Israel  
– et forsigtigt blik
- 69 Richard Harvey:  
Messianic Jewish Theology:  
A Preliminary Typology
- 84 Bokrevy  
Andreas Johansson:  
Messiansk identitet og misjon  
blant det jødiske folk

# «... at dei må bli frelste», eller treng dei det?

Norsk teologi om jødemisjon i global kontekst

---

Rolf Kjøde

*Rolf Kjøde, f. 1959. Cand. theol. (1985) ved MF. Frå 2019 høgskolelektor ved NLA Høgskolen. Tidlegare dagleg leiar for Norsk Råd for Misjon og Evangelisering og generalsekretær i Normisjon.*

*Rolf.Kjode@NLA.no*

16

## Abstract

### «... That They May Be Saved», or Is That Necessary?

The objective of this article is to compare different theological positions in Norwegian church context on mission to the Jews with impulses from international conciliar and evangelical contexts. Our main sources internationally will be documents from The World Council of Churches and The Lausanne Movement, but other entities will also be considered, including impulses from Christian Zionism. This will be used while analysing the statements from churches and organisations in Norway on mission towards the Jewish people.

*Søkeord:* Jødemisjon – kyrkjeøkumenisk – evangelikal – Den norske kyrkja – Den Norske Israelsmisjon – kristensionistisk

## Innleiing

Spørsmålet om kristen misjon til det jødiske folket er eigna til å få fram spenningar og debatt. Hovudsiktet i denne drøftinga vil vere å få fram nokre overordna måtar å tenke om dette på i den verdsvide kyrkja og sjå korleis dette korresponderer med norsk misjons tenking og praksis. Kjeldene til drøfting vil primært vere å finne i prinsipputtaler, vedtak og program i ulike samanhengar som driv kristent arbeid overfor jødar. Vi vil bruke nemninga «jødar» eller «det jødiske folket» for å tydeleggjere at det oppdraget som vi spør etter, ikkje primært handlar om eit geopolitisk område, men om det jødiske trus- og folkefellesskapet. Vi nyttar «Israel» om landet, om ikkje anna er nemnt.

Knappast nokon har full oversikt over kor mange offisielle, halvoffisielle og private organisasjonar og tiltak i og overfor Israel og jødane som finns rundt om i Norge. Dei fleste av desse fell utanfor siktet for denne artikkelen. Vi ser etter eit grunngeve misjonsengasjement overfor det jødiske folket. Artikkelen vil ikkje drøfte sionisme i generell forstand.<sup>1</sup> Vi analyserer heller ikkje det politiske engasjementet i den kyrkjeøkumeniske rørsle utan at denne relaterer til misjonsforståinga.

Vi vil kartlegge kva direkte misjonsengasjement som finns i ulike delar av det kyrkjelege landskapet i Norge og sjå nærare på dei samanhengane som har tatt opp i seg eit slikt engasjement. Vi vil forstå misjon i tråd med definisjonen i det berande norske læreverket i missiologi dei siste 25 åra som kyrkja si sending med opphav i den treeine Gud, der formidlinga av Guds rike i ord og gjerning kallar menneske til tru og dåp. Dette er i sitt vesen eit grenseoverskridande oppdrag «både i geografisk, kulturelt og tidsmessig perspektiv».<sup>2</sup> På kva måte er, og er ikkje, det jødiske folket ei adresse for dette oppdraget?

## GLOBAL KONTEKST

Norsk misjonstenking skjer ikkje ei eit nasjonalt vakuum, men tar imot inntrykk frå ein større internasjonal kontekst. Vi vil i denne samanhengen særleg halde fram to store rørsler, den kyrkjeøkumeniske og den allianseøkumeniske. Den kyrkjeøkumeniske rørsle sitt fremste organ er Kyrkjeverdsrådet (KV), men også fellesorganisasjonane til dei ulike historiske kyrkjene høyrer med. Den katolske kyrkja er ikkje med i Kyrkjeverdsrådet, men har både på eiga hand og som aktiv deltakar i Kommissjon for verdsmisjon og evangelisering vore viktig premissleverandør for misjonsforståinga sidan Det andre vatikankonsilet (1962–65).

Den allianseøkumeniske rørsle i den verdsvide kyrkja kjem særleg til uttrykk gjennom Lausannerørsla og Verdass evangeliske allianse (WEA). Begge er aktive premissleggarar i spørsmålet om jødemisjon. Den allianseøkumeniske rørsle blir ofte kalla «evangelikal». Den kristen-sionistiske rørsle har ingen samlande global organisasjon. Trass i at Lausannerørsla og Verdass evangeliske allianse ikkje uttrykker kristen-sionistiske synsmåtar, er det med tanke på nedslagsfelt naturleg å sjå på kristen-sionisme under drøftinga av evangelikale impulsar.

## Kyrkjeøkumeniske impulsar

Spørsmålet om kyrkja si haldning til det jødiske folket stod på dagsorden frå starten av Kyrkjeverdsrådet i 1948. I rapporten frå komité IV under stiftingsmøtet i Amsterdam blir det slått fast at kyrkja har ei særleg oppgåve med å ta på alvor både jødane si særstilling som det folket Gud gav sine løfte til og gjennom, og dei hindringane kyrkja sjølv har sørga for gjennom si historie med antisemittisme.<sup>3</sup> Likevel er dokumentet tydeleg på at «(t)he fulfillment of this commission requires that we include the Jewish people in our evangelistic task».<sup>4</sup>

Som Hans Morten Haugen har vist, taper det evangeliserande språket, særleg sidan 1960-talet, terreng i Kyrkjeverdsrådet til fordel for dialogens form og innhald.<sup>5</sup> Ein aktiv dialog med jødane som trusfellesskap har sidan 1975 gått parallelt med eit politisk engasjement med aukande kritikk av den israelske staten. Eksekutivkomiteen i Kyrkjeverdsrådet gav i 1982 ein uttale på bakgrunn av lengre tids arbeid i «Consultation on the Church and the Jewish people» der dei skisserer fire ulike syn på misjon til jødane, utan å trekke nokon annan konklusjon enn å registrere at dette er noko ein ser ulikt på.<sup>6</sup>

Alt fokus frå Kyrkjeverdsrådet, utanom det meir politiske, synes over tid å ha blitt på dialog mellom ulik tru. Dette gjeld ikkje berre forholdet kyrkje-jødedom, men generelt. Generalsekretær Samuel Kobia sin tale til Det internasjonale rådet for kristne og jødar i 2003 legg all vekt på dialogen som «a possibility of affirming the other» og hjelp til at «(t)here must no longer be walls separating us over against the world outside our religious society».<sup>7</sup>

Kyrkjeverdsrådet sitt dokument *Together towards Life (TTL)* frå 2013 seier ingenting om misjon til det jødiske folket, liksom dokumentet heller ikkje adresserer spesifikt misjon retta mot andre religiøse grupper. Under drøftinga av kyrkja sitt kall til evangelisering, blir forholdet til dialog mellom ulik tru særleg drøfta. Grunnhaldninga i dokumentet er at ulik tru, ideologi og overtiding er uttrykk for den fylde av liv som Anden bringer. Andre trustradisjonar blir omtala som livgjevande åndelege samanhengar («spiritualities»). «Therefore, authentic mission makes the 'other' a partner in, not an object of mission».<sup>8</sup> *TTL* bygger på ein inklusivistisk religionsteologi med ei forsiktig opning mot det pluralistiske. Dette inneber at det eksklusive ved Kristi frelse er fråverande, at proklamasjon av evangeliet blir vesentleg problematisert og at ein opnar seg mot ei universalistisk forståing av frelsa. Forholdet mellom skaping og forløyising er uklart.<sup>9</sup>

Sjølv om ikkje *TTL* seier noko spesifikt om kristen misjon til jødar, får dei overordna tankane om den religiøst «andre» som misjonspartnar store konsekvensar. Misjonsoppdraget forstått som evangelieformidling overfor det jødiske folket vil då bli forstått som problematisk. Derimot er det sannsynleg at den Guds misjon som *TTL* kallar til, også har ei adresse inn i Israel og dei palestinske områda. Misjonsdokumentet brukar ein av fire hovuddelar til å understreke frigjeringa sin Ande slik han kjem til uttrykk gjennom kampen for rettferd frå dei undertrykte og marginaliserte.<sup>10</sup> Kyrkjeverdsrådet sitt tydelege engasjement for politisk rettferd i Israel og dei palestinske områda kan derfor sjåast som uttrykk for ei framheva side ved misjonsforståinga i Kyrkjeverdsrådet.

Også andre grupper i den kyrkjeøkumeniske rørsle gir impulsar til misjonstenkinga overfor jødar. Haugen hevdar at «(d)et er derfor rimelig å forstå at aktiv misjon blant jøder ikke lenger er offisiell linje i Den romersk katolske kirke».<sup>11</sup> Til grunn for dette ligg både ei generelt sterkare vektlegging av dialog i interreligiøse relasjonar og meir spesifikt ei oppvurdering av jødane som Guds gamle paktsfolk. Også Det lutherske verdsforbundet legg vekt på interreligiøs dialog. I denne samanhengen handlar det primært om dialog mellom kristne, jødar og muslimar som monoteistar, slik det kom til uttrykk på det internasjonale symposiet om *Religious Identity and Renewal* i 2014. Sluttdokumentet peikar på den nære relasjonen mellom dei tre og behovet for djupare relasjonar, respekt for skilnader og djupare felles forståing av Gud.<sup>12</sup>

Haugen har også vist korleis Den tyske evangeliske kyrkja (samlinga av dei ulike *Landeskirchen*) allereie i 1980, men særleg frå 2000 har opna for to separate frellesveggar for jødar og kristne.<sup>13</sup> Dette handlar ikkje primært om plikta til å bringe det kristne vitnemålet til jødane med audmjuk varsemnd i lys av historia og Holocaust. Endringa i dei tyske kyrkjene er av religionsteologisk art. Dette er også ei vesentleg endring frå den haldninga den same kyrkja uttrykte i 1948 om Kristi død og oppstode til frelse for det jødiske folket.<sup>14</sup>

Grunngjevinga for det noverande misjonssynet i den tyske evangeliske kyrkja er ein tanke om Guds to frelsespakter. I utteikna form handlar dette om at jødane står i ei eige, frelsande paktsforhold, basert på ein såkalla topakts-teologi (*Two Covenant Theology*).<sup>15</sup> Dette er ei tilrettelegging som har vunne terreng i mange historiske kyrkjer sidan 1980 med utgangspunkt i Den tyske evangeliske kyrkja. Teorien peikar på jødane sitt paktsforhold gjennom Abraham og Moses som deira tilstrekkelege frelsesveg, mens heidningane blir kalla til frelse ved tru på Jesus Kristus slik vi møter det i den nye frelsepakta. Kai Kjær-Hansen nemner særleg den katolske feministen Rosemary Reuthers bok *Faith and Fratricide: The Theological Roots of Anti-Semitism* frå 1974 som ein viktig premissleggar for den moderne topaktsteologien, med vekt på kritikk av ein påstått antisemittisme i NT.<sup>16</sup>

Haugen meiner at kardinal Kasper, Den katolske kyrkja sin leiar for økumeniske relasjonar til 2010, i 2002 gav «et usedvanlig klart budskap om at misjon overfor jøder ikkje er nødvendig», fordi der er to frelsande pakter.<sup>17</sup> Eg følgjer Haugen i forståinga av kardinal Kaspers budskap. Samtidig slår Vatikanets eige dokument frå 1985 fast at «Church and Judaism cannot then be seen as two parallel ways of salvation and the Church must witness to Christ as the Redeemer for all».<sup>18</sup> Til støtte for dette viser Vatikanets dokument til Det andre vatikankonsilets *Nostra Aetate*, erklæringa om kyrkja sitt forhold til dei ikkje-kristne religionane frå 1965. Utsegnene avdekkjer ei viss spenning i utviklinga av offisiell katolsk tenking. Praksis er uansett at Den katolske kyrkja i dag ikkje driv omvendingsmisjon mellom jødar. Bak dette ligg historiske årsaker, men også ny teologisk refleksjon. Kasper er slik sett å rekne som representativ for kyrkja sin ståstad i dag. Pave Frans har gått langt i å stadfeste islam som kyrkja sin bror i eit mangfald og ulikskap av «religions, colour, sex, race and language» som er «willed by God in His wisdom».<sup>19</sup> Både katolsk praksis, forholdet til islam og tenkinga om religionsmangfaldet som gudvillig, indikerer at misjon til jødar ikkje skal skje.

I 2018 vedtok Den evangeliske kyrkja i Rhinland også å avstå frå misjon til muslimar. Dette grunnir dei med at «muslimars tru er ei binding til den eine Gud». Denne relasjonen er «ulik frå innhaldet i den pågåande relasjonen mellom kristendom og jødedom». Teksten talar primært om relasjonen mellom kristne og muslimar, men den understrekar også generelt dialogens proprium og at «den ikkje handlar om omvendning til ein annan religion».<sup>20</sup> Slik kan den legge til rette for ei tenking som i praksis gir ein multipaktsteologi der Gud kjem til oss med frelsande nærvær i ulike religiøse samanhengar. Tenkinga står i skarp kontrast til det som kom fram frå ei arbeidsgruppe av tyske teologar og messianske jødar i regi av WEA i 2008, den så kalla Berlin-erklæringa, der nettopp frelsa i Kristus aleine (*uniqueness of Christ*) er det berande elementet.<sup>21</sup>

I kyrkjeøkumeniske samanhengar ser vi altså ein tendens til aukande vegring mot å ville kalle menneske av annan tru til tru på Jesus Messias. Dette har dels heilt generelle årsaker i ein open religionsteologi som primært har rom for dialog, dels i ei særleg vektlegging av respekt for det dei monoteistiske trusfelleskapa har felles, og dels i ei eksplisitt forståing av at jødane står i eit frelsande paktsforhold med Gud som er annleis enn den kristne trua. Konsekvensen er ei forståing av at kyrkja derfor skal halde tilbake det forkynnande vitnemålet overfor det jødiske folket. Kai Kjær-Hansen kommenterte ved Kyrkjeverdrådets 60-årsjubileum at «(b)etween Amsterdam 1948 and the predominant way of thinking about Jewish evangelism in 2008 there is a great discontinuity».<sup>22</sup>

## Evangelikale impulsar

Den allianseøkumeniske rørsle har primært to representative einingar globalt. Desse to, Lausannerørsla og WEA, står nær kvarandre både i teologi og strategi, der Lausannerørsla primært er fokusert på misjon mens WEA har eit langt breiare

sikte, mellom anna oppgåva med å representere evangelikale kyrkjer og organisasjonar sine politiske interesser i ulike land og regionar.

Verdskongressen for misjon i Lausanne i 1974 adresserte ingenting om jødemisjon i Lausannerpakta. Likevel blei det arbeidd spesifikt med spørsmålet om misjon til det jødiske folket. Eit foredrag til arbeidsgruppa for jødemisjon viser til korleis historia gjer det vanskeleg for kyrkjene å nå fram med eit vitnemål. Likevel er foredraget kritisk til at mange kristne «definerer sin misjon i Israel med å teie om evangeliet» og at mange er «Supro Pro Israel Christian Gentiles ... declaring that 'we don't have to evangelize Jews'».<sup>23</sup>

Sidan 1980 har *Lausanne Consultation for Jewish Evangelism* (LCJE) halde elleve globale konsultasjonar om evangeliet til jødane. I tillegg har dei vore aktive i to samlingar i Lausannerørsla med fokus på forsoning i Israel/Palestina. Kvar av dei elleve konsultasjonane har enda ut med ulike uttalar. Av desse gir rapportane *Christian Witness to the Jewish People* frå 1980 og *Jewish Evangelism, A Call to the Church* frå 2004 djupare drøfting av problemstillingane. Begge er blitt gitt ut som såkalla *Lausanne Occasional Papers* (LOP) som missiologiske ressursar. Det har prega arbeidet innanfor LCJE at dei messianske jødane sjølve har vore svært aktive, ikkje minst gjennom den USA-baserte misjonsorganisasjonen *Jews for Jesus*. Den første leiaren, Moishe Rosen, var konsulent for den første rapporten. Susan Perlman var sentral i arbeidsgruppene for begge rapportane. Tuvya Zaretsky leia arbeidet med rapporten frå 2004 og har vore president for LCJE heilt til 2019. Alle desse tre var med å grunnlegge *Jews for Jesus* i 1974.

Det er verd å merke seg at også teologar frå Norge, og leiarar i Den Norske Israelsmisjon, har vore aktive deltakarar heilt frå starten av LCJE. Frå det same miljøet, med base i norskeigde *Caspari Center* i Jerusalem, har tidsskriftet *Mishkan* kome ut sidan 1984. Med eit vidt tilfang av internasjonale fagfolk fokuserer dei på spørsmål knytt til jødemisjon, messiansk identitet og jøde-kristne relasjonar. Det er altså ikkje slik at internasjonale impulsar einseitig influerer på misjonsforståinga i Norge. Norske teologar og misjonsleiarar har vore del av eit miljø der impulsane går fleire vegar.

Lausanne-rapporten *Christian Witness to the Jewish People* frå 1980 tar utgangspunktet i det eksklusive ved frelsa i Jesus Kristus slik dei les NT. Trass i hindringane for evangelisering som ligg i jødane si historiske erfaring, gjer soteriologien slik misjonsteneste nødvendig. Både universalismen, at alle blir frelst til slutt, og topaktsteologien blir drøfta og avvist.<sup>24</sup> Rapporten er forsiktig i spørsmål om folket og landløftet, og sjølv om dei reknar jødane si tilbakevending til landet som eit teikn på Guds truskap, manar dei til ei nøktern haldning der vi «avoid seeing the fulfillment of prophesies in every event in the State of Israel».<sup>25</sup> Det sentrale skal vere det evangeliserande siktet.

I forkant av Lausannerørsla sin kongress for verdensevangelisering i april 1989 arrangerte World Evangelical Fellowship (no World Evangelical Alliance), med støtte av Lausannerørsla, ein konsultasjon i Willowbank, Bermuda, om evangeliet og det jødiske folket. Frå Norge deltok Tormod Engelsviken og Ole Christian Kvarme. Rapporten *The Willowbank Declaration on the Christian Gospel and the Jewish People* sluttar seg eksplisitt til rapporten frå 1980 og seier om seg sjølv at erklæringa «is made in response to growing doubts and widespread confusion among Christians about the need for, and the propriety of, endeavours to share faith in Jesus Christ with Jewish people».<sup>26</sup> Å dele evangeliet med jødar har prioritet, og dialog som berre skal skape forståing, duger ikkje for å fullføre dette.<sup>27</sup> Å ville innføre eit moratorium i evangeliseringa er i høve det jødiske folket ikkje berre «unchristian, unloving and discriminatory», men jamvel «a form of anti-semitism».<sup>28</sup>

Denne sterke ordbruken om antisemittisme blir repetert i Manilamanifestet frå juli same år, og til liks med Willowbank-erklæringa og Lausanne-rapporten frå 1980

er dette forankra i spørsmålet om det unike ved Jesus Kristus og hans frelse. Med bakgrunn i dette slår manifestet kort fast at der ikkje finns ei særleg pakt for jødane «which renders faith in Jesus unnecessary».<sup>29</sup>

Rapporten *Jewish Evangelism, A Call to the Church* frå 2004 vidareutviklar rapporten frå 1980 og bygger på dei sju føregåande konsultasjonane i LCJE, erklæringa frå Willowbank og Manilamanifestet.<sup>30</sup> Innleiingsvis slår dei fast at «(i)f Jesus is not the Messiah for the Jewish people then neither is He the Christ for the nations».<sup>31</sup> Teksten er skarp imot den vendinga som dei registrerer i Kyrkjeverdsrådet mellom uttalen i 1948 om jødars frelse ved Jesus Messias og den dialogen som seinare har ført til at «Jewish evangelism has been denounced frequently» og som har ført fram ei forståing av at dette er ein anakronisme. Derfor konkluderer rapporten med at «the major obstacles to Jewish evangelism today come not from outside the church, but from within it.»<sup>32</sup>

*Jewish Evangelism, A Call to the Church* drøftar dei større innvendingane mot misjon til jødar, både topaktsteologien og erstatningsteologien. Når det gjeld topaktsteologien legg dei stor vekt på at både jødedom og kristendom i klassisk utgåve gjer krav på eksklusiv sanning som utelukkar harmonisering.<sup>33</sup> Sjølv om topaktsteologien kan synes naturleg for jødiske grupper, «is it not easy to understand how Christian theologians can advocate it in light of the self-defeating logic on which it rests». Dette kviler i den berande tanken om at «Jesus is either the Messiah for all, or He is not the Messiah at all».<sup>34</sup>

Erstatningsteologien, at kyrkja skal ha overtatt Israels plass som det utvalde folket og fått alle løfte overført på seg, blir også avvist. Samtidig utfordrar teksten evangelikale grupper som talar mest kritisk om kyrkja sin gamle erstatningsteologi med spørsmålet om dei sjølve har utstyrt seg med ein form for erstatningsteologi. Dette blir konkretisert med at nokon, ikkje minst ut frå eskjatologiske teoriar, avviser å dele evangeliet med jødane og erstattar dette oppdraget med kjærleikshandlingar utan proklamasjon eller rett og slett med politisk kamp for den israelske staten. «These evangelical forms of 'replacement theology' are obstructions to the advance of the gospel among the Jewish people», slår rapporten fast, og held fram med å kalle dei «just as harmful ... as other forms of replacement theology».<sup>35</sup>

Lausannerørsla si *Cape Town Commitment (CTC)* bygger på rapporten frå 2004. Kyrkja sitt ansvar for å dele evangeliet med jødane blir plassert fremst i kapittelet om «Kristi fred i ei splitta verd», med særleg vekt på messianske jødisk truande si rolle i dette.<sup>36</sup> Rolf Gunnar Heitmann kommenterer at «utfordringen til hele kirken om å dele hele evangeliet med hele det jødiske folk aldri tidligere har vært så tydelig uttalt fra noen misjonskonferanse».<sup>37</sup> Han viser til paragrafen som «bekrefte(r) på det sterkeste behovet for at hele kirken skal dele de gode nyhetene om Jesus som Messias, Herre og Frelser med det jødiske folk».<sup>38</sup> Cape Town-erklæringa plasserer spørsmålet om evangeliet til det jødiske folket innanfor rammene av kapittelet om forsoning og fred, der paragrafen vidare handlar om det kristne ansvaret for rettferd og gjenoppretting for alle som er utsett for vald og undertrykking. Slik plasserer erklæringa også misjonsteneste over for jødar i ein kontekst av dokumentets integrale misjonstenking.

*Jewish Evangelism, A Call to the Church* adresserer tankar i ein del kristen-sionistiske miljø om at Gud har ein særskild eskjatologisk plan med jødane og med Israels land. Ofte er dette koplå med ein dispensasjonalistisk tankegang. Dispensasjonalismen legg til grunn at Bibelen må lesast med historia sine sju ulike tidshaldningar for auge for å kunne plassere bibelstoffet i rett hushaldning. Den noverande, kyrkja og nådens hushaldning, er historisk å forstå som ein parentes i den større forteljinga om Guds føring med Israel. Dermed ser vi at under læra om dei sju hushaldningane ligg ein grunntanke om at Gud har to folk i verda, jødane og kyrkja, som han fører på ulike måtar. Denne topaktsteologien er i si grunngjeving ulik den som har vun-

ne terreng i den kyrkjeøkumeniske rørsle, men ber i seg same mulige konsekvens, at kyrkja ikkje har noko evangeliseringsoppdrag overfor jødane.<sup>39</sup> Likevel vil ikkje alle dispensasjonalistar dra så radikale konsekvensar med tanke Guds frelsesveg og på misjon til jødane.

Ei sionistisk eining som har hatt påverknad i Norge, er *The International Christian Embassy Jerusalem* (ICEJ). ICEJ legg til grunn ein paktsbasert kristen teologi der pakta med Abraham står i ei særstilling som ei evig pakt med løfte om landet som skal konkret oppfyllest.<sup>40</sup> Overfor vesentlege delar av dispensasjonalismen er dei direkte polemiserande.<sup>41</sup> ICEJ avviser skarpt erstatningsteologien og tar avstand frå «aggressive missionary activity to be directed at Israel and the Jewish world».<sup>42</sup>

## NORSK KONTEKST

Det er relativt få misjonsorganisasjonar og kyrkjesamfunn i Norge som har misjon til jødar som spesifikt arbeidsområde. Etablerte frikyrkjer som Misjonskyrkja, Metodistkyrkja, Baptistsamfunnet og Dei frie evangeliske forsamlingane har ingenting i sin portefølje, heller ikkje nyare frikyrkjenettverk. Dei lutherske frikyrkjene, derimot, har eit etablert engasjement. I pinserørsle er «Hjerte for Israel» knytt til Pinsemisjonen. Mellom organisasjonane er det i tillegg til Den norske Israelsmisjon primært Ordet og Israel som har eit tydeleg grunnlegge misjonsfokus.

### Den norske kyrkja

Den norske kyrkja (Dnk) styrer sine internasjonale relasjonar gjennom Mellomkyrkjeleg Råd (MKR). Samtidig er Dnk engasjert i misjon gjennom Samarbeidsrådet for Menighet og Misjon (SMM). I SMM er Dnk ei sjølvstendig eining. Det er derfor viktig å skjelle mellom dei separate uttalar som Dnk gjennom Kyrkjemøtet, Bispemøtet eller MKR har hatt om misjon og den samarbeidsplattforma for misjon som ligg for Dnk og organisasjonane i SMM. Den siste ber preg av eit minste felles multiplum som alle samarbeidspartane kan samle seg om. Dnk sine primære synspunkt kjem fram i sjølvstendige uttalar, dokument og engasjement. Samtidig må vi ta som utgangspunkt at der er eit samsvar mellom Dnk og SMM slik at det eine ikkje i utrengsmål skal forståast i motsetnad til det andre.

Den norske kyrkja sitt internasjonale engasjement strekker seg over ein stor breidde av tema, der økumenikk, klima og miljø, rettferd, fredsarbeid og migrasjon har særlege fokus ved sidan av det som blir presentert som misjon. MKR har ein strategi for 2018–2020 som i stor grad refererer til deltaking i arbeid i Midt-Austen saman med økumeniske partnarar. Med referanse til det palestinske Kairos-dokumentet frå 2011 og Kyrkjeverdsrådet sitt *Pilgrimage of Justice and Peace* ligg vekta på å løfte dei undertrykte og marginaliserte med «Israels okkupasjon av palestinske områder etter 1967» som særleg adresse.<sup>43</sup> Oppgjeret med kristensionismen er eksplisitt.<sup>44</sup> Vekta i arbeidsform ligg på dialog.<sup>45</sup>

Mellomkyrkjeleg Råd framstiller ikkje sitt arbeid i misjonale termar. I Dnk sitt kyrkjemøtevedtak om misjon frå 2012 blir det ein ser som «en ny misjonstenkning og praksis» halde fram, særleg knytt til skaparverk og forvaltaransvar, freds- og forsoningsarbeid og menneskerettar.<sup>46</sup> Sjølve vedtaket legg særleg vekt på dialogarbeidet. Misjon retta mot spesifikke folkegrupper eller religiøse grupper er ikkje nemnt. Sjølv om det blir vist til både kyrkjeøkumeniske vedtak og trendar og til *Cape Town Commitment*, er det liten tvil om at Dnk si profilering særleg knyter opp mot det kyrkjeøkumeniske, der dei også har sine faste fora. I den grad det jødiske folket er nemnt, er det primært som Israel og dei problema som er knytt til landets politiske rolle i regionen.



Det er SMM som i praksis primært profilerer misjonsengasjementet i Dnk. Samarbeidsplattforma for SMM blei lagt i 1993. Dokumentet understrekar at misjonens utgangspunkt er Jesus som «frelser både for jødene og for folkeslagene».<sup>47</sup> Skjelninga mellom jødar og heidningar går igjen gjennom dokumentet, som ei stadfesting av at jødane er ei særskilt adresse. Samtidig slår dokumentet fast at «(f)relsen er bare knyttet til troen på Kristus».<sup>48</sup> Misjon til jødar har fått sitt eige avsnitt, noko som ikkje finns for andre folkegrupper eller religiøse grupper. Av dei åtte punkta under den misjonsteologiske delen er dette det desidert lengste, der det blir understreka som «illojalt mot Kristi vilje å fravike det nytestamentlige vitnesbyrd om å bringe evangeliet til 'jøde først'».<sup>49</sup> Samtidig gjer punktet merksam på dei særskilde historiske føresetnadane for eit audmjukt vitnemål som følgjer den kristne kyrkja si overgrepshistorie overfor jødane. Det som SMM her skriv om misjon til det jødiske folket, ber tydeleg preg av impulsar frå den evangelikale misjonsrørsla. Som vi vil sjå under, samsvarar dette med dei impulsane Den Norske Israelsmisjon har tatt inn i SMM-samarbeidet.

Har Dnk ein utmeisla teologi for misjon til jødar? Spørsmålet bringer oss inn i spenninga mellom dei kyrkjeøkumeniske og allianseøkumeniske impulsane. Om det Dnk seier som MKR og i SMM ikkje står i motsetnad til kvarandre, er likevel både bakgrunn, profil og sikte veldig ulikt. Dialog blir på SMM si felles plattform knytt til overtyding om den eine frelsesvegen og gir nødvendig hjelp til evangeliseringsoppdraget.<sup>50</sup> Dette er ganske ulikt den kyrkjeøkumeniske forståinga av dialog som MKR og Kyrkjemøtet kommuniserer med. På den andre sida finn vi ikkje spor av den topaktsteologien som er vanleg i Tyskland, i dokumenta frå Dnk.

## Den Norske Israelsmisjon

Den Norske Israelsmisjons formål var frå starten i 1844 «dels iblandt de Christne at vække Kjærlighed til Israel, dels iblandt Israel at virke til Christendommens Fræmme.»<sup>51</sup> Dagens lovverk slår fast at Israelsmisjonen «har til formål å vekke til ansvar for jødene, forkynne evangeliet for dem og vise dem kristen kjærlighet.»<sup>52</sup> Tekstene er skrivne med 170 års distanse, og formålet må i så måte seiast å vere relativt uendra over generasjonane.

I seinare år har organisasjonen lagt fram to prinsippklæringar om misjon, «For jøde først» frå 1986 og «Det jødiske folk, evangeliet og løftene» frå 2004. Det siste og gjeldande dokumentet presiserer ein del spørsmål, særleg knytt til veksten av messiansk jødedom.

Dokumenta frå 1986 og 2004 er samstemte i at misjonen si forankring er at frelsa eksklusivt finns i Jesus Messias. Jesus, og berre han, oppfyller Guds frelsesløfte for Israels folk og for heidningfolka. Ut frå dette blir kyrkjeøkumenisk topaktsteologi eintydig avvist, men òg tanken hos ein del kristen-sionistar om endetida sine to folk.<sup>53</sup> Å forkynne evangeliet er grunnelementet i kallet til misjon, og det skal skje «for jøder og hedninger – av jøder og hedninger».<sup>54</sup> Dette inneber ikkje at den jødiske identiteten blir sletta ut. Det jødiske folket har frelseshistoriske fortinn. «En rett forkynnelse for Israel kan bare skje i en ydmyk anerkjennelse av disse privilegier og fortrinn».<sup>55</sup> Mest av alt er dei det folket som gav verda Jesus Messias. Jødane har sine særpreg gjennom den gamaltestamentlege lovgjevinga og har retten til å halde fast ved dei som sin identitet.<sup>56</sup> Samtidig understrekar prinsippklæringane at den rabbinske tradisjonen slik den har utvikla seg sidan bibelsk tid, ikkje må forståast som identisk med det bibelsk jødiske, fordi den «har innebygget elementer som innebærer et bevisst nei til Jesu messianitet og kristen tro på ham».<sup>57</sup> Kyrkja har ikkje erstatta det jødiske folket, men treng snarare å oppdage på nytt dei jødiske røtene sine.<sup>58</sup> Som heidningar er det vi som er blitt eitt med og innlemma i Guds folk og løfta.

Israelsmisjonens prinsippklæringar er varsame når dei nærmar seg det politiske.

Når uttalen frå 1986 seier at det kan «være nærliggende å se den delvise tilbakevendning av jødene til Israels land som et ledd i Guds historieplan» og forankrar dette i GTs konsekvente tanke «at Israels folk og Israels land hører sammen», synes den å gå eitt lite steg lengre i forståing av oppfylling av landløftet enn erklæringa frå 2004.<sup>59</sup> Erklæringa frå 2004 presiserer at det er «nyanser i nemnda» i synet på opprettinga staten Israel, men at dette ikkje er eit hovudspørsmål.<sup>60</sup>

Misjonsforståinga i prinsipperklæringane er sterkt knytt til frelsesspørsmålet og til forkynninga av evangeliet som «frelsende ord».<sup>61</sup> Det kan opplevast noko påfallande at prinsipperklæringane nesten ikkje nærmar seg spørsmålet om ei integral misjonsforståing, ikkje minst med tanke på behovet for forsoningsarbeid i Israel og dei palestinske områda. Dette er annleis når vi kjem til Israelsmisjonens strategiske portefølje. Den ber preg av den heilskapen av diakoni og leiardanning, forsamlingsbygging og evangelisering som pregar generell evangelikal misjonsforståing. I følge prosjektkatalogen er om lag halvparten av dei internasjonale prosjekta primært det vi kan kalle diakonale med vekt på fred og forsoning, menneskerettar og karitativ teneste.<sup>62</sup> Dette samsvarar med formålsparagrafen i organisasjonens lover når den kallar til å «vise dem kristen kjærlighet». Israelsmisjonen har sidan starten også vore ein svært aktiv deltakar i det allmenne tiltaket «Hjelp Jødene Hjem» som hjelper jødar i ulike land til *aliyah* (innvandring til Israel).

Samla sett må Israelsmisjonens prinsipptenking om misjon i stor grad seiast å vere identisk med den tenkinga som vi har sett uttrykt i LCJE/Lausannerørsla og i det messianske miljøet av jødar, samanhengar som Israelsmisjonen over tiår har stått i nærkontakt med.

## Lutherske frikyrkjer

Den Evangelisk Lutherske Frikirke (vidare nemnt som Frikyrkja) har hatt sitt «Israelsvirke» sidan 1910 (retta mot jødar i Norge). Frå 2005 blei dette inkorporert med annan internasjonal misjonsportefølje i «Frikirkens Israels- og Ytremisjon». Frikyrkja er engasjert i dagens Israel og i dei palestinske områda med ein strategi som omfattar både jødar og palestinarar i området. Overfor jødar støttar dei i dag primært prosjekt i Israel med fokus på evangelisering. Frikyrkja arbeider i området også målretta inn mot kristne palestinarar og inn mot muslimar. Dette kan vere noko av bakgrunnen til at prinsipperklæringa deira i større grad enn hos Israelsmisjonen understrekar behovet for forsoningsarbeid og annan diakonal teneste.

Frikyrkja gav i 2010 ut ei revidert prinsipperklæring, *Misjon til Israel og folkeslagene*. Erklæringa understrekar både skilnader og fellestrekk i misjon til Israel og til folkeslaga. I drøfting og avvising av topaktsteologien slår dei fast at Frikyrkja står for «en aktivt misjonerende linje overfor det jødiske folk».<sup>63</sup> Om erstatningsteologi seier dei også at «en slik teologi kan vi ikke slutte oss til».<sup>64</sup> Erklæringa skisserer skilnader og fellestrekk ved misjon til jødar og til heidningar. Skilnadene er knytt til jødane si frelseshistoriske rolle og til jødane si historie og den aktuelle konteksten. Dette opphevar likevel ikkje den grunnleggande einskapen som blir uttrykt i Efeserbrevet 2, 11ff og det felles behovet som jødar og heidningar har for evangeliet om frelsa i Jesus Messias.<sup>65</sup>

Det evangelisk-lutherske kirkesamfunn (DELK) har eit veksande samarbeid med Israelsmisjonen. I ein kort uttale om engasjementet for DELKs Israels-engasjement understrekar DELK at «NT bekrefter utvelgelsen av Israel som Guds folk» men at «(b)are ved troen på Jesus Kristus som Frelser og Messias vil imidlertid Israel fullt og helt få del i utvelgelsens kall og velsignelse, og den nåde Gud gir.» Dei «kjenner et ekstra ansvar for å støtte den rest av jøder som i dag bekjenner troen på Jesus som Frelser og Messias, særlig i deres vitnesbyrd overfor sitt eget folk» og «tar avstand fra den teologi som hevder at kirken erstatter Israel som Guds utvalgte folk.»<sup>66</sup>

## Pinsekarismatisk samanheng

Norske Pinsevenners Arbeid i Israel (NPAI) under Pinsemisjonen har i 2019 skifta namn til «Hjerte for Israel».<sup>67</sup> Ifølgje leiaren, Jarle Sortland, driv dei ikkje aktiv misjon blant jødar i Israel, «men vi prøver å vise Jesu nestekjærlyghet igjennom det arbeid vi gjør».<sup>68</sup> Dei berande elementa er ifølgje leiaren: «Israel har en historisk, politisk og bibelsk rett til eget hjemland innenfor trygge og anerkjente grenser; Israel har rett til å forsvare sitt lands territorium; Jerusalem er den udelelige hovedstad i staten Israel; vi vil støtte prosjekt hvor vi kan vise Jesu nestekjærlyghet enten det gjelder jøder eller arabere; vi tror, med bakgrunn i Guds ord, at jødene har en særskilt plass i Guds frelsesplan; *vår Frelser Jesus Kristus er jødenes Messias.*» Innsamla midlar går i hovudsak til det sosiale tiltaket Nachamo Ami der fokuset skal vere «å velsigne Israel» gjennom engasjement for bygningsmassen til Eitanim psykiatriske sjukehus og gjennom kommunen Mevaseret Ziyons sosialkontor.<sup>69</sup> Norske voluntørar går inn i dette arbeidet.

«Hjerte for Israel» har ei tydeleg vektlegging på det vi kjenner igjen frå kristen-sionistiske miljø internasjonalt. Samtidig understrekar dei at «vår frelser Jesus Kristus er jødenes Messias», noko vi kan tolke som ei tilknytning til klassisk evangelikal misjonsteologi. Dette blir likevel ikkje følgt opp med vektlegging på eksplisitt å vitne evangeliet, men som leiaren skriv: «Vi tror at våre gjerninger sier mer enn ord».<sup>70</sup>

## Kristen-sionistisk samanheng

Ordet og Israel blei starta i Norge i 1978. Formål og visjon er at «jødene får Bibelens syn på Jesus som deres Messias» og at «den kristne menighet får Bibelens syn på Israel».<sup>71</sup> I Norge er organisasjonen, i motsetning til deira danske lutherske søsterorganisasjon, ikkje konfesjonelt forankra, men basert på «Bibelen, som vi tror i sin helhet er inspirert av Gud».<sup>72</sup> Årsmeldingane markerer Ordet og Israel som «en tverrkirkelig evangelisk bevegelse».<sup>73</sup> Formålet om å gi kristne Bibelens syn på Israel handlar om «jødene som Guds utvalgte folk – og på landet Israel som løftes-landet til dette folk – fortid, nåtid og framtid».<sup>74</sup> Her held vedtektene fram viktige karakteristika knytt til forståing av landløfta og til det som i rørsla gjerne blir vektlagt som «profetordet til menighetene»<sup>75</sup>, eller som det blir uttrykt i årsmeldinga for 2018/2019 ved at dei fleire stader arrangerer «profetisk helg».<sup>76</sup>

Organisasjonen uttrykker gjennom dei sentrale dokumenta ikkje ei formell forankring i dispensasjonalistisk teologi, men vekta på Israel som endetidsteikn og utlegginga av «det profetiske» tyder på slektskap. I styrets erklæring om Ordet og Israels basis frå 2017 viser dei til det som skjer med Israel (i dag) som «et tegn på Jesus Messias snarlige komme for å hente sin menighet og opprette 'riket for Israel' (Tusenårsriket)».<sup>77</sup> Dette er klassisk dispensasjonalistisk vektlegging. Store delar av artikkeltilfanget på nettsidene er basert på hushaldningslæra frå 1800-talet.<sup>78</sup> Dette inntrykket blir forsterka på organisasjonens You Tube-side med mange tradisjonelle tema knytt til dispensasjonalistisk teologi.

I miljø der dispensasjonalismens topaktstenking står sterkt, er det ikkje uvanleg å tone ned behovet for misjon til det jødiske folket med tanke på deira særstilling. I Norge ser vi dette tydeleg i Karmel-Instituttet, ein organisasjon som i dag er marginal etter fleire splittingar og avskallingar dei siste tiåra. Leiaren, John Skåland, er klar på at misjonsoppdraget ikkje har Israel som adresse.<sup>79</sup> All vekt i organisasjonens aktivitet ligg på politiske spørsmål ut frå ei bestemt sionistisk overtyding.<sup>80</sup>

Dette er ulikt Ordet og Israels posisjon. Formålet om at jødane skal få Bibelens syn på Jesus som deira Messias får også den korte forma «evangeliet til jødene», som er eit klassisk uttrykk for evangelisk misjon. I styrets basiserklæring frå 2017 blir dette presisert ved understreking av at «Jesus Messias er den eneste vei til frelse

for alle mennesker», her brukt som ein motivasjon for oppdraget deira overfor Israel.<sup>81</sup> Organisasjonens «Kristent sionistisk trosmanifest» frå 2005 understrekar også at «(a)lle mennesker, inkludert jødene, trenger evangeliet.» Dei understrekar «solidaritet med den jødiske del av Jesu Messias' kirke» og at «(j)øder som tror på Jesus, hører hjemme i Guds verdensvide kirke ... Jøder og ikke-jøder er ett i Messias.»<sup>82</sup> Dette er uttrykk som ikkje samsvarar med ei konsekvent dispensasjonalistisk topaktstenking. Samtidig er manifestet tydeleg kristent sionistisk med vekt på Guds oppfølging av landløftet i den moderne israelske staten.

Hans Morten Haugen meiner at «*Ordet og Israel er ... ikke konsekvente*» i ei frelsesforståing knytt til «at Jesus er veien, sannheten og livet for alle mennesker».<sup>83</sup> Han grunngrir dette med at dei på eit tidspunkt har marknadsført ei bok av Per Haakonson der dette er gjort uklart. Etter mi meining trekker Haugen her for store vekslar på annonsering for ei enkelt bok. Der er nær slektskap mellom Haakonsons og Ordet og Israels kristne sionisme, men her er det langt større grunn til å legge vekt på tidlegare styreleiars utvetydige utfordring når han uttrykker «Ve oss om vi ikkje forkynner evangeliet! Både for jøde og grekar!»<sup>84</sup>

Forståinga av misjonsoppdraget blir også spegla i Ordet og Israel sin internasjonale portefølje. Denne har ein breidde av engasjement, frå diakoni og boktrykking via undervisning og utdanning til forsamlingsarbeid og evangelisering.<sup>85</sup> Totalt utgjorde internasjonale prosjekt for 2018 13% av organisasjonens utgifter (kr. 535.000).<sup>86</sup> Til samanlikning brukte Israelsmisjonen i 2018 39% av sine utgifter direkte i internasjonal misjon (kr. 8.144.781).<sup>87</sup>

Samla kan vi konkludere med at Ordet og Israel står i ein tradisjon som har slektskap både med internasjonal kristen-sionisme og med tradisjonell evangelikal misjonsforståing. Dei synes å ha nærast slektskap med ein moderat form for dispensasjonalisme.

Internasjonale kristne Ambassade Jerusalem (IKAJ) er den største og truleg mest synlege av kristen-sionistiske organisasjonar i Norge. Dei er tydeleg på at dei som organisasjon ikkje har eit spesifikt misjonsoppdrag. Når vi ser litt nærare på dei, er det for å sjå om dei har ei misjonsteologisk grunngrjeving – i tillegg til den organisasjonsstrategiske – til ikkje å drive misjon. Deira eiga strategiske avgrensing indikerer ikkje at dei nødvendigvis er imot all form for misjon, men berre at dette ikkje er organisasjonens fokus.

Internasjonale Kristne Ambassade Jerusalem er direkte underlagt og har identisk profil med den internasjonale organisasjonen (ICEJ). Ola Kjetil Bø skriv i si masteravhandling at IKAJ meiner «det ikke er nødvendig med misjon rettet mot jøder». Påstanden kan synes noko meir skarp enn han kan dokumentere, fordi han sjølv også viser til kjelder som understrekar at dei som kristne ber vitnemål om Jesu kjærleik til jødane.<sup>88</sup> Bø viser i stor grad til det nestleiar og internasjonal talsmann David Parsons skriv i «Swords into Ploughshares» og det er påfallande at ingen av dei to oppdraga som Parsons skisserer overfor jødane, «ministry of comfort» og «ministry of warning», knyter seg til evangeliet i tradisjonell forståing.<sup>89</sup> Haugen argumenterer for at teologien til tidlegare styreleiar i ICEJ, Malcolm Hedding, står i fare for «*nedvurdering av Jesu Kristi frelsesverk*». I same drøftinga peikar han på at reisesekretær Arvid Bentsen i IKAJ i sin teologi har «*liten vekt på (Jesu) universelle frelsesverk*» og at det aldri «sies rett ut at jøder trenger Jesus som frelser for å bli forsonet med Gud».<sup>90</sup>

IKAJs syn på jødars omvending som Guds suverene, uformidla inngrep i alt som omfattar Israels folk, den sterke kritikken av evangeliske kristne si misjonsteneste overfor jødar og ein klar brodd mot Lausanne-rørsla sin profil i spørsmåla, inneber substansielt teologisk misjonskritikk og ikkje berre ein strategisk kritikk ut frå historiske feilgrep.

## Konklusjon

Vi har sett at impulsar frå ulike hald har vore med og danna teologien knytt til jødemisjon slik vi kan møte det i ulike norske fasettar. Felles for dei fleste er at dei ikkje vil bli identifisert med ein klassisk erstatningsteologi. Samtidig er dette eit primært angrepspunkt retta mot tradisjonell kyrkjeleg teologi frå dei kristen-sionistiske rørslene.

Impulsane frå kyrkjeøkumeniske fora, som er tydelege i Den norske kyrkja gjennom Mellomkyrkjeleg Råd, ser i liten grad ut til å vere retningsgjevande for teologien i dei samanhengane som utøver misjon overfor jødar. Det ligg ei spenning i Dnk knytt til vektinga mellom dei kyrkjeøkumeniske og evangelikale impulsane, synleggjort i forholdet mellom MKR og Samarbeidsråd for Menighet og Misjon. Vi har ikkje sett uttrykk i nokon dokument i Dnk for den topaktsteologien som har hatt særleg fotfeste i ein del tyske kyrkjer. Samtidig er vekta i MKR einseitig på dialog og ikkje på formidling av evangeliet som forkynning. Dette peikar i retning av den religionsteologien som dominerer kyrkjeøkumenikken internasjonalt. Spørsmålet om erstatningsteologi er heller ikkje tematisert direkte hos Dnk.

Dei impulsane som er aktivt drivande for norsk jødemisjon, synes primært å kome frå den evangelikale sida og frå messianske grupper av jødar. Engasjementet er langt sterkare på luthersk side enn i dei ikkje-lutherske frikyrkjene. Det kan ha historiske årsaker ved at Den Norske Israelsmisjon er landets nest-eldste misjonsorganisasjon og slik har bygd opp eit engasjement over tid, men det kan òg henge saman med Israelsmisjonen sine tette internasjonale relasjonar til både Lausanne-rørsla og det messiansk-jødiske miljøet.

I pinserørsla er det lite organisert engasjement som i tradisjonell evangelisk tyding vil forståast innanfor rammene av misjon. Engasjementet er retta mot ei teneste for å «velsigne Israel». Slik sett ber dei same preg som kristen-sionistiske organisasjonar internasjonalt. Mange kristen-sionistar internasjonalt og nasjonalt manglar engasjement for misjon til jødar. Ordet og Israel er eit unntak med kombinasjon av eit klart misjonalt innsteg og ein kristen-sionistisk teologi.

Det messiansk-jødiske miljøet er tydeleg på at dersom Jesus ikkje er jødane sin Messias og frelsar, så er han heller ikkje frelsar for folkeslaga. Dersom vi avlyser behovet for å dele evangeliet med jødane, vil vi i neste omgang også trekke den same konklusjonen overfor andre grupper? Endar ein topaktsteologi naturleg i ein multipaktsteologi? Ved Den Norske Israelsmisjons markering av 175 år er det grunn til å utfordre i ulike kyrkjelege samanhengar til refleksjon rundt apostelens bøn om «*at dei må bli frelst!*» Gjeld det framleis, «*for jøde først?*»<sup>91</sup>

# Noter

1. Sjøå nærare utgreiing av dette hos Hans Morten Haugen, «*Hvordan ser kristensionister på jødernes frelse?*», *Norsk Tidsskrift for misjonsvitenskap* 66, nr. 2 (2012): 89–109.
2. Jan-Martin Berentsen, Tormod Engelsen og Knud Jørgensen, «*Innledning*», i Jan-Martin Berentsen, Tormod Engelsen, Knud Jørgensen (red.), *Missiologi i dag* (Oslo: Universitetsforlaget, 1994), 16.
3. World Council of Churches, «*Concerns of the churches – The Christian approach to the Jews*» (Amsterdam Assembly 1948), par. 2 og 3. Henta frå <https://www.oikoumene.org/en/resources/documents/assembly/1948-amsterdam-concerns-of-the-churches-the-christian-approach-to-the-jews> august 2019.
4. World Council of Churches, «*Concerns of the churches*», par. 1.
5. Hans Morten Haugen, «*Unødvendig med misjon overfor jøder? En sammenligning av ulike kirker og organisasjoner syn*», i *Norsk Tidsskrift for Misjonsvitenskap* 64, nr. 3–4 (2010): 211–232, 216–218.
6. World Council of Churches, «*Ecumenical considerations on Jewish-Christian Dialogue, 16 July 1982*». Henta frå <https://www.oikoumene.org/en/resources/documents/wcc-programmes/interreligious-dialogue-and-cooperation/interreligious-trust-and-respect/ecumenical-considerations-on-jewish-christian-dialogue>
7. Samuel Kobia, «*Religion in Global Society*» (Address by Rev. Dr Samuel Kobia, general secretary at the international conference of the International Council of Christians and Jews, Chicago, 24–27 July 2005). Henta frå <https://www.oikoumene.org/en/resources/documents/general-secretary/speeches/religion-in-global-society> august 2019.
8. Jooseop Keum, red., *Together towards Life: Mission and Evangelism in Changing Landscapes – with a Practical Guide* (Genève: WCC Publications, 2013), par. 93.
9. Rolf Kjølde, «*Convergence or Divergence in Theology of Religions*», i *Mission Studies* 34 (2017): 92–115, 102–103.
10. Keum, red., *Together towards Life: sjå til dømes* par. 43–45.
11. Haugen, «*Unødvendig med misjon overfor jøder?*», 216.
12. Lutheran World Federation, «*International Symposium on Religious Identity and Renewal. Jewish, Christian and Muslim Explorations*» (Seattle, 14 August 2014); sjå til dømes strekpunkt to og tre i konklusjonen. Henta frå <https://www.lutheranworld.org/content/resource-statement-religious-identity-and-renewal>
13. Haugen, «*Unødvendig med Misjon overfor jøder?*», 221–222.
14. Haugen, «*Unødvendig med Misjon overfor jøder?*», 220.
15. Topaktsteologien er i eit par jødiske former av eldre dato. Maimonides (1135–1204), mellomalderen sin kjende rabbinar og filosof, utvikla sin variant av kristendommen som *preparatio messianica*, dvs. heidningane si førebuing på å ta imot Messias. Då religionsfilosofen Franz Rosenzweig (1886–1929) presenterte sine tankar om dei to vegane til frelse, gjekk han lengre enn Maimonides i si forståing av Jesu rolle som heidningane sin einaste frelsesveg. Jødane er alt hos Faderen og treng derfor ikkje Jesu frelse. Heidningane, derimot, er avhengig av Jesu Kristus som frelsesveg.
16. Kai Kjær-Hansen, «*Misjon og det jødiske folk*», i Jan-Martin Berentsen, Tormod Engelsen, Knud Jørgensen (red.), *Missiologi i dag* (Oslo: Universitetsforlaget, 1994), 269–271.
17. Haugen, «*Unødvendig med Misjon overfor jøder?*», 215–216.
18. Commission for Religious Relations with the Jews, «*Notes on the correct way to present the Jews and Judaism in preaching and catechesis in the Roman Catholic Church*», Preliminary considerations og 1.7. Henta frå [http://www.vatican.va/roman\\_curia/pontifical\\_councils/chrstuni/relations-jews-docs/rc\\_pc\\_chrstuni\\_doc\\_19820306\\_jews-judaism\\_en.html](http://www.vatican.va/roman_curia/pontifical_councils/chrstuni/relations-jews-docs/rc_pc_chrstuni_doc_19820306_jews-judaism_en.html) august 2019.
19. Pave Frans og imam Ahmad Al-Tayyeb, «*A Document on Human Fraternity for World Peace and Living Together*» (Abu Dhabi, 4 february 2019). Henta frå [http://w2.vatican.va/content/francesco/en/travels/2019/outside/documents/papa-francesco\\_20190204\\_documento-fratellanza-umana.html](http://w2.vatican.va/content/francesco/en/travels/2019/outside/documents/papa-francesco_20190204_documento-fratellanza-umana.html), august 2019.
20. Evangelische Kirche im Rheinland, «*Für die Begegnung mit Muslimen. Theologische Positionsbestimmung*» (Auszug aus dem Protokoll der Landessynode der Evangelischen Kirche im Rheinland vom 12. Januar 2018), par. 1–3: «*nicht aber auf eine Konversion zur jeweils anderen Religion*». Henta frå [https://islam-dialog.ekvw.de/fileadmin/mcs/islamdialog/LS2018\\_B\\_Fuer-die-Begegnung-mit-Muslimen.pdf](https://islam-dialog.ekvw.de/fileadmin/mcs/islamdialog/LS2018_B_Fuer-die-Begegnung-mit-Muslimen.pdf) august 2019.
21. World Evangelical Alliance, «*The Berlin Declaration on the Uniqueness of Christ and Jewish Evangelism in Europe Today*», i *Mishkan* issue 56 (2008): 7–9.
22. Kai Kjær-Hansen, «*Amsterdam 1948 – Berlin 2008*», i *Mishkan* issue 56 (2008): 4–6, 6.
23. Victor Smadja, «*Evangelization among Jews*», i J. D. Douglas (red.) *Let the Earth hear His Voice* (Minneapolis: World Wide Publication, 1974), 812.
24. Lausanne Committee for World Evangelization, *Christian Witness to the Jewish People* (Lausanne Occasional Paper No. 7; produced by the Consultation on World Evangelization in Pattaya, Thailand, June 1980), par. 7C.
25. Lausanne Committee for World Evangelization, *Christian Witness*, par. 7E (ii).
26. World Evangelical Fellowship, «*The Willowbank Decla-*

- ration on the Christian Gospel and the Jewish People», *International Bulletin of Missionary Research* 13. issue 4 (1989): 161–164; preamble (161).
27. World Evangelical Fellowship, «The Willowbank Declaration», artikkel IV.20.
  28. World Evangelical Fellowship, «The Willowbank Declaration», artikkel IV.23.
  29. Lausanne Committee for World Evangelization, «Manila Manifesto» (1989), par. A3. Tilgjengelig frå <https://www.lausanne.org/content/manifesto/the-manila-manifesto>
  30. *Jewish Evangelism: A Call to the Church (Lausanne Occasional Paper No. 60; produced by the Issue Group on this topic at the 2004 Forum for World Evangelization hosted by the Lausanne Committee for World Evangelization in Pattaya, Thailand, September 29 to October 5, 2004; Lausanne, 2005)*, kap. 1d.
  31. *Jewish Evangelism*, innleiinga.
  32. *Jewish Evangelism*, kap. 1c.
  33. *Jewish Evangelism*, kap. 1h.
  34. *Jewish Evangelism*, kap. li.
  35. *Jewish Evangelism*, kap. lj.
  36. *The Lausanne Movement, The Cape Town Commitment: A Confession of Faith and a Call to Action (The Lausanne Movement, 2011)*, IIBI. Tilgjengeleg frå <https://www.lausanne.org/docs/CapeTownCommitment.pdf>
  37. Rolf Gunnar Heitmann, «Israelsmisjon – hele kirkens kall», i Rolf Ekenes, Tormod Engelsviken, Knud Jørgensen og Rolf Kjøde, *Misjon til forandring: Refleksjoner og visjoner fra Lausanne III (Skjetten: Hermon 2011)*, 202.
  38. «Cape Town-erklæringen», i Rolf Ekenes, Tormod Engelsviken, Knud Jørgensen og Rolf Kjøde, *Misjon til forandring. Refleksjoner og visjoner fra Lausanne III (Skjetten: Hermon 2011)*, 260. Cape Town-erklæringen er tilgjengelig frå <https://www.lausanne.org/nb/cape-town-erklæringen-2/cape-town-erklæringen>
  39. Oskar Skarsaune, «Israel og folkene – to veier til Gud?» i Først nr. 2 – 2019, 18–21. Sjå også om dispensasjonalismen i visse evangelikale miljø hos Yaakov Aron, «Israel in Contemporary Evangelical Christian Millennial Thought», *Numen* 59 (2012): 456–485.
  40. Malcolm Hedding, «Position Statements: The ICEJ's core beliefs», Definition. Henta frå <https://int.icej.org/media/israel-and-christians>, august 2019. (Teksta er udatert, men omtalen av Lausannekongressen i oktober 2010 som recently peikar mot 2010/2011).
  41. David Parsons, «Swords into Ploughshares». Henta frå <https://int.icej.org/files/en/pdf/Swords%20into%20Ploughshares.pdf>, august 2019.
  42. Malcolm Hedding, «Israel and Jesus: Confronting the real issues» (udatert). Henta frå <https://int.icej.org/media/israel-and-jesus>, august 2019.
  43. Mellomkyrkjeleg råd, «En pilegrimsvandring for rettferdighet og fred: Strategi for Mellomkirkelig råds engasjement for rettferdig fred i Palestina og Israel, 2018–2020 (per 13.11.2017)», innleiinga og punkt 3.1. Henta frå [https://kirken.no/globalassets/kirken.no/aktuelt/filer-2017/strategi\\_palestina\\_israel\\_mkr\\_2017.pdf](https://kirken.no/globalassets/kirken.no/aktuelt/filer-2017/strategi_palestina_israel_mkr_2017.pdf)
  44. Mellomkyrkjeleg råd, «En pilegrimsvandring», punkt 1.2.
  45. Mellomkyrkjeleg råd, «En pilegrimsvandring», punkt 1.4–1.5.
  46. Den norske kyrkja, «Misjon til forandring – Utdringene fra Edinburgh 2010». Henta frå [https://kirken.no/globalassets/kirken.no/smm/dokumenter/km\\_7\\_12\\_misjon.pdf](https://kirken.no/globalassets/kirken.no/smm/dokumenter/km_7_12_misjon.pdf), august 2019.
  47. «Menighet og misjon: Grunnlagsdokument for samarbeidet mellom Den norske kirke og misjonsorganisasjonene, 1993», punkt 1.1. Henta frå <https://kirken.no/nb-NO/SMM/om-oss/grunnlagsdokumenter/> august 2019.
  48. «Menighet og misjon», punkt 1.4.
  49. «Menighet og misjon», punkt 1.8.
  50. «Menighet og misjon», punkt 1.5.
  51. Den Norske Israelsmisjon, «Historie». Henta frå <https://www.israelsmisjonen.no/om-oss/organisasjon/historie>
  52. Den Norske Israelsmisjon, «Grunnregler vedtatt av landsmøtet 2014». Henta frå [http://www.israelsmisjonen.no/\\_service/316/download/id/297911/name/Grunnregler+vedtatt+LM+2014.pdf](http://www.israelsmisjonen.no/_service/316/download/id/297911/name/Grunnregler+vedtatt+LM+2014.pdf) august 2019.
  53. Reidar Hvalvik, red., *Det jødiske folk, evangeliet og løftene: En prinsipperklæring om kirkens forhold til det jødiske folk og om dette folkets plass i Guds frelseshistorie. Utarbeidet av Teologisk nemnd i Den Norske Israelsmisjon (Oslo: Den Norske Israelsmisjon, 2004)*, punkt 1.4; 4.4.
  54. Hvalvik, red., *Det jødiske folk, evangeliet og løftene*, punkt 1.9.
  55. Den Norske Israelsmisjon, *For jøde først: Prinsipputtalelse om vitnetjeneste blant jøder fra Landsstyret i Den Norske israelsmisjon (Luther: Oslo, 1986)*, 22.
  56. Hvalvik, red., *Det jødiske folk, evangeliet og løftene*, punkt 2.4.
  57. Den Norske Israelsmisjon, *For jøde først*, 27.
  58. Hvalvik, red., *Det jødiske folk, evangeliet og løftene*, punkt 3.3–3.4; 3.8.
  59. Den Norske Israelsmisjon, *For jøde først*, 23.
  60. Hvalvik, red., *Det jødiske folk, evangeliet og løftene*, 5.
  61. Den Norske Israelsmisjon, *For jøde først*, 39.
  62. Den Norske Israelsmisjon, «Prosjekter». Henta frå <https://www.israelsmisjonen.no/prosjekter/prosjekt>, august 2019.
  63. Den Evangelisk Lutherske Frikirke, *Misjon til Israel (Frikirkens temahefter: Oslo, 2010)*: 15.
  64. Den Evangelisk Lutherske Frikirke, *Misjon til Israel*, 19.
  65. Den Evangelisk Lutherske Frikirke, *Misjon til Israel*, 20–23.
  66. Det evangelisk lutherske kirkesamfunn, «DELK støtter Den norske Israelsmisjons virksomhet (DNI)» (udatert). Henta frå <http://www.delk.no/delk-stotter-den-norske-is>

- raelmisjons-virksomhet-dni/, august 2019.
67. Det ligg ute relativt lite offentlig informasjon om dette tiltaket, jf. heimesidene: <https://www.hjerte-for-israel.no/om-oss/>
  68. Jarle Sortland i e-post-korrespondanse med artikkel-forfattar 17. juni 2019.
  69. Hjerte for Israel, «Hvem og hva er Hjerte for Israel?» (udatert). Henta frå <https://www.hjerte-for-israel.no/om-oss/>, august 2019.
  70. Hjerte for Israel. «Hvem og hva er Hjerte for Israel?»
  71. Ordet&Israel, «Formål og visjon» (udatert). Henta frå <http://www.ordetogisrael.no/om-os/formal-og-vaerdier> august 2019.
  72. Ordet&Israel, «Lov for Den norske bevegelsen Ordet og Israel» (vedtatt 31.7.2016), par. 2. Henta frå <http://www.ordetogisrael.no/app/webroot/uploads/norge/ordet-og-israels-vedtekter.pdf>, august 2019.
  73. Ordet&Israel, «Årsmelding for arbeidsåret 2018–2019». Henta frå <http://www.ordetogisrael.no/app/webroot/uploads/norge/diverse-skjemaer/a--rsmelding-2018---2019-med-signaturer-rev-5.pdf> august 2019.
  74. Ordet&Israel, «Lov for Den norske bevegelsen Ordet og Israel», par. 3a.
  75. Se Ordet&Israels hjemmeside: <http://www.ordetogisrael.no/om-os> august 2019.
  76. Ordet&Israel, «Årsmelding for arbeidsåret 2018–2019», 2.
  77. Ordet&Israel, «Ordet og Israel Basis» (vedtatt i styret 17. desember 2017, tilsendt artikkelforfattar frå dagleg leiar), punkt 7.
  78. Ordet&Israel, «Artikler fra Charles Hansen». Henta frå <http://www.ordetogisrael.no/undervisning/ordet-og-israel-i-norge/artikler-fra-charles-hansen>, august 2019.
  79. John Skåland, «For verdens folk er det kun pessimisme og mørke å se frem til», i *Dagen* 9. juni 2019. Henta frå <https://www.dagen.no/meninger/debatt/2019-06-09/For-verdens-folk-er-det-kun-pessimisme-og-m%C3%B8rke-%C3%A5-se-frem-til-759937.html> august 2019.
  80. <?> Spørsmålet om Skåland her står for ei anna linje enn stiftaren, Per Faye Hansen er ikkje utan vidare klart. Morten Bjergas hovudfagsavhandling *Karmelbevegelsens ekklesiologi* (Norsk Lærerakademi, 1988), 41–47, drøftar Faye Hansens profil i spenningsfeltet mellom luthersk intensjon og dispensasjonalistisk preg.
  81. Ordet&Israel, «Ordet og Israel Basis», punkt 6.
  82. Hovedstyret i Ordet&Israel, «Kristent sionistisk trosmanifest» (vedtatt i styret 25. september 2005, tilsendt artikkelforfattar frå dagleg leiar), punkt 2–4.
  83. Hans Morten Haugen «Hvordan ser sionister på jødernes frelse?», i *Norsk Tidsskrift for Misjonsvitenskap* 66, nr. 2 (2012): 89–110, 97–98.
  84. Per Gunnstein Nes, «For jøde først», i *Ordet og Israel* 34, nr.1 (2011): 3.
  85. «Ordet&Israels prosjekter». Henta frå <http://www.ordetogisrael.no/israel/ordet-og-israels-prosjekter>, august 2019.
  86. «Årsregnskap Ordet og Israel 2018». Henta frå <http://www.ordetogisrael.no/app/webroot/uploads/norge/diverse-skjemaer/signert-a--rsregnskap-2018.pdf> august 2019.
  87. Den Norske Israelsmisjon, «Årsmelding og regnskap 2018». Henta frå [https://www.israelsmisjonen.no/\\_service/316/download/id/433769/name/%C3%85rsmelding+2018.pdf](https://www.israelsmisjonen.no/_service/316/download/id/433769/name/%C3%85rsmelding+2018.pdf), august 2019.
  88. Ola Kjetil Bø, «Israels venner: En komparativ studie av tre kristne israelsorganisasjoners syn på landløftet og dets politiske implikasjoner.» (Oslo: Masteravhandling ved Det teologiske menighetsfakultet, 2013), 53–54.
  89. Parsons, «Swords into Ploughshares», 39–44.
  90. Haugen, «Hvordan ser sionister på jødernes frelse?», 101–102.
  91. Rom 10,1; 1,16.

